



**VÅGÅ:** Ragnhild Sveen Tande frå Vågå, blant dei fem honorerte i skrivekonkurransen Unge røyster.



**SKJÅK:** Idunn Maria Brosset i samtale med Magnhild Bruheim.



**HONORERTE:** Idunn Maria Brosset (Skjåk), Hanna Nordlien Berg (Nord-Fron), Håkon Noren (Lesja), Åshild Slåen (Sel) og Ragnhild Sveen Tande (Vågå) vart alle honorerte for gode tekstar til samlinga «Unge røyster». ALLE FOTO: SEMMING AUSTIN

## Utfløtte dølar samla i «by'n»

Laurdag var gudbrandsdølar samla i Nynorskens hus i Oslo.

Samlinga skjedde i samband med at det var 100 år sidan Gudbrandsdalslaget i Oslo vart stifta, og lanseringa av skriftsamlinga «Unge røyster 2020».

Mellom dei unge skriveføre røystene finn ein skjåkjenta Idunn Brosset og Ragnhild Sveen Tande frå Vågå. I alt fem ungdomar var plukka ut til å delta med tekstar. I tillegg var også meir erfarne skribentar inviterte. Mellom desse var forfattar Ragnhild Kolden som har skrive ei utruleg god tekst; «Heim».

Arrangementet baud elles på eit spennande program i ord og tonar.



**LJOS OG LYD:** Dei utfløtte skjåkværanane Lars Ole Ørjasæter og Bengt Arild Morken hadde ansvaret for det tekniske under arrangementet.



**MANGE:** Det var godt frammøte og stor stemning i Teatersalen i Nynorskens hus i Oslo.